

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET
Postboks 8148 Dep
0033 OSLO

Dato	05.11.2023
Vår referanse	2023/80817-1
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Ragnhild Berge Feidje
E-post	Ragnhild.Berge.Feidje@vlfk.no
Telefon	57638215

Innspel flaum- og skredmelding

Vestland fylkeskommune mottok 19.09.23 brev med invitasjon til innspelsmøte om stortingsmelding og flaum og skred. Då vi ikkje hadde høve til å stille fysisk på møtet, sender vi over eit skriftleg innspel som summerar vi kva vi meiner vil vere viktige punkt å inkludere i den kommande stortingsmeldinga.

- Auka satsing på klimatilpassing:** Fylkeskommunen meiner det er vesentleg å auke den økonomiske støtten til klimatilpassingstiltak, spesielt med vekt på sikring av infrastruktur. Sikring av fylkesvegane er av avgjerande betydning for å oppretthalde samfunnsfunksjonar, gi innbyggjarane trygg mobilitet og beskytte infrastruktur. Trygge og framkommelege fylkesvegane er ein føresetnad for aktivitet og gode levekår for alle i heile fylket. Auka frekvens og omfang av ekstremvær og konsekvensar av klimaendringar er eit stor utfordring på eit fylkesvegnett som allereie har vedlikeholdsetterslep. Vi må sikre og klimatilpasse vegane slik at dei toler endringane vi ser. Mykje av vegnettet i Vestland er gammalt og slitt og ikkje tilpassa dagens krav og standardar. Ei ny [utgreiing](#) viser at Vestland er det fylket i landet som har størst vedlikeholdsetterslep på fylkesveiene. Utgreiinga som er en del av grunnlaget til ny Nasjonal transportplan blei oversendt frå Vegdirektoratet til Samferdselsdepartementet viser at et det å få fylkesvegane i Vestland attende til den stand dei var i då dei vart bygd er rekna til i underkant av 20 milliardar kroner. Med aukande mengd nedbør og meir ekstremvær vert vegane enno meir utsett for slitasje. Sikring av fylkesvegane vil vere ein sentral del av å skape eit trygt og robust Vestland.
- Auka økonomisk støtte:** Staten må samla sett auke den økonomiske støtten til klimatilpassingstiltak. Den kommande stortingsmeldinga må foreslå ei endring av den statlege tilskotsordninga for flaumsikring, der også finansiering av tiltak på fylkeskommunal infrastruktur vert inkludert. *Dei økonomiske rammene for denne ordninga må og aukast kraftig.* Vidare må dei statlege løyvingane til skredsikring på fylkesvegane aukast. *Fylkestinget i Vestland har gjort vedtak om at potten for rassikring av fylkesvegane vert 3-dobla i første periode.* Med ei slik auke vil Vestland fylkeskommune kunne laga ein plan for å gjennomføre dei 6 mest kritiske prosjekta innan ein 10-årsperiode. Vestland fylkeskommune viser til, og støttar Nasjonal Rassikringsgruppe sitt krav om å utbetre alle punkt med skredfaktor høg og middels. Vestland fylkeskommune viser og til at i Hurdalsplattformen har regjeringa forpliktet seg til å «utarbeide en helhetlig og forpliktende plan for å redusere vedlikeholdsetterslepet på fylkesveier i samarbeid med fylkeskommunane. Det blir lagt til grunn at dette blir tema i Stortingsmeldinga om Nasjonal transportplan (NTP) 2025-2036. Å sikre at fylkeskommunane er i stand økonomisk til å gjennomføre klimatilpassingstiltak som ein del av det planlagde vedlikeholdet av fylkesvegane vil vere det beste for mellom anna å sikre robustheit i konstruksjonane si gjenværande levetid. Dette vil og vere viktig for å sikre ei kostnadseffektiv og dynamisk tilnærming til både vedlikehold av, og klimatilpassing av fylkesvegane.

Fylkeskommunane har ikkje økonomisk handlingsrom til å finansiere slike tiltak. For å sikre eit trygt og robust Vestland må det bevilgast mykje meir statlege midlar til flaum- og skredsikring, samt til vedlikehald av fylkesvegane slik at det det mogleg å ta omsyn til klimatilpassing som ein del av det planlagde vedlikehaldet.

3. **Risikokartlegging:** Vidare meiner vi det er behov for ei risikovurdering av alle fylkesvegar, for å identifisere område som er mest utsett for skred og flaum i framtida. Fylkeskommunen meiner at den same metodikken som er brukt for skredsikring også bør nyttast for flaumsikring. I tillegg bør infrastrukturen langs fylkesvegar, inkludert bruer, tunellar og støttemurar gjennomgå ei teknisk vurdering for å identifisere behov for oppgradering og forbetring, i lys av klimaendringar.
4. **Tverrsektoriell samordning:** Det er viktig å fremje samarbeid mellom ulike sektorar, inkludert kommunar, fylkeskommune og statlege organ, for å sikre heilskaplege løysingar for flaum- og skredsikring
5. **Styrking av varslingsstenester:** Fylkeskommunen oppmodar til investering i varslingsssystem for tidleg varsling av flaum og skred, særskilt i område det er utfordrande å sikre tilstrekkeleg
6. **Naturbaserte løysingar:** Det er viktig å implementere naturbaserte løysingar som vegetasjon- og erosjonskontroll for å redusere risiko for skred og erosjon.
7. **Heilskapleg arealplanlegging:** Heilskapleg arealplanlegging gir moglegheit til å ta i vare viktige naturområde, økosystem, som skog, våtmark og kystområde. Dette er kritisk for å oppretthalde biologisk mangfald, som igjen styrkar motstanden mot klimaendringar ved å oppretthalde økosystema sine funksjonar, som karbonlagring og vassreinsing. God arealplanlegging tek omsyn til klimaendringar og beskyttar mot ekstrem hendingar. Dette inkluderer at vi bygger bustadar, vegar og infrastruktur på trygge stadar. Fylkeskommunen meiner det er nødvendig å sjå heilskapleg arealplanlegging i samanheng med klimatilpassingstiltak i større grad. Slik kan vi unngå å bygge sårbarheit inn i samfunnet, ta i vare natur og sjå til at eit klimatilpassingstiltak ikkje aukar sårbarheita andre stader.
8. **Berekraftig klimatilpassing:** Fylkeskommunen meiner vi i større grad må sjå klimatilpassing i ein større samanheng. Dette inkluderer å strebe etter å ikkje auke klimagassutsleppa som ein del av klimatilpassinga og som balanserer omsyna til natur. I tillegg meiner vi det er viktig å sjå det i samanheng med sosial rettferd. Klimatilpassingstiltak bør sjå til at alle befolkningsgrupper er beskytta mot skred og flaum. Dette er noko vi spesielt ser som ei utfordring knytt til bustadprisar i område som i dag har skred eller flaumfare, og som ikkje er sikra.

Med helsing

Jon Askeland
fylkesordførar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift